



PROSJEKT OG BILETDOKUMENTASJON

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy

M/S «Sunnhordland» kom til Norge i november 2016, men me såg då ikkje alle prosjekta som måtte gjennomførast. Noko arbeid var allereie utført på verft i Tallin hausten 2016. Eigarane valde å gå vidare med å tilbakeføring og restaurere det som var naudsynt med omsyn til krav frå myndigheiter i 2016/2017, og få skipet «attende» til tidsepoken 1949 – 1973. Eigarane hadde ønske om at skipet skulle vere tilgjengeleg for publikum allereie frå dag ein etter heimkomsten, og vill ikkje at M/S «Sunnhordland» skulle ligge i opplag og forfalle, før ein hadde midlar på plass. (Sjå vedlegg med historie).

Sikring, sjekk og utskifting av elektrisk anlegg i maskinrom i.h.h.t. krav frå DSB



I maskinrommet har me sikra og skifta ut elektrisk anlegg i.h.h.t. krav frå DSB:

- reingjort tavler innvendig og utvendig
- sikra kabelendar
- nytt el. opplegg der det var gammalt
- overvakingmoglegheit for mannskap i maskinen, på kvar skipet er i leia og når det skal til kai
- ombygging av ventilasjon i maskin, der ein har nytt utstyr i gamle «boksar»

DOKUMENTASJON

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy

Ny radar og kartmaskin



Ny radar og kartmaskin måtte på plass, for sikker ferd i leia.

Oppgradering batteribankar



Batteri og batteribankar er over heile skipet skifta ut i.h.h.t sikkerheit og krav. Har ikkje lagt ved bilete av alle, men har lagt til to bilete til på neste side.

DOKUMENTASJON

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy



Informasjonsutstyr til formidling – ti skjermar og anna AV-utstyr



Om bord er det tilrettelagt for formidling av informasjon over heile skipet; det vere seg sikkerheit, informasjon om kulturminnet, undervisning, informasjon om pågåande arrangement, og me kan også vise turen/reisa via kamera på fordekk/styrehus. Det er innstallert 10 informasjonsskjermar over heile skipet, høgtalarar og AV utstyr – som fungerer flott. Detteutstyret kan koplast opp mot fleire PC'ar samtidig, og ein kan i dei ulike salongane formidle og ha fleire arrangement og ulik undervisning.

DOKUMENTASJON

Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy



Øvre akterdekk – tilrettelagt til formidling



Tilrettelagt akterdekket med tak og vegger av stålstenger og teltpresenning, samt varmekjelder og lys, slik at det vert mogleg med eit lukka og tett område på øvre akterdekk. Dette vil også betre sikkerheita, samt bevare skipsmøblane. Det er konstruert slik at det kan monterast og demonterast etter behov. Venelaget står for montering/demontering.

Gje tilbakemelding om de treng meir biletdokumentasjon.

2017-10-30
Marit S. Stockmann